

Strategiplan for Sparebankstiftinga Bø 2026 -2030



Sparebankstiftinga Bø

Vedtatt av generalforsamlinga 3.3.26

Innhald

1. Forord.....	2
2. Bakgrunn	2
3. Gåvepolitikk.....	3
4. Profilerings.....	6
5. Administrative forhold	6
6. Styret	9
7. Eigarstyring.....	10
8. Samarbeid med dei andre stiftingane.....	10
9. Andre forhold	11

1. Forord

Strategiplanen er utarbeidd med bakgrunn i eit vedtak i stiftinga si generalforsamling 2025. Den er ført i pennen av styreleiar basert på drøftingar gjennomført i arbeidsmøter i styret. Planen vert lagt fram til vedtak i generalforsamlinga primo 2026. Basert på generalforsamlinga sitt endelege vedtak blir oppfølging av planen ein av dei viktigaste oppgåvene for styret i åra framover. Planen er ambisiøs, så det er neppe mogleg å gjennomføre alle tiltak i det første året i planperioden, men det er naturleg at styret rapporterer på framdrifta i si årsmelding til generalforsamlinga.

2. Bakgrunn

Gjennom etableringa av Sparebanken Din 4. oktober 2013 vart Sparebankstiftinga Bø etablert for å forvalte dei midlane som var spart opp sidan etableringa av Bø Sparebank 15. mars 1852. Gjennom dei åra stiftinga har eksistert har frivilligheten i vår kommune fått tilført over 18 mill. kr gjennom våre løyvingar. Ein kan derfor på trygt grunnlag seie at vi har levd opp til vårt motto om å «bidra til trivsel i vårt lokalsamfunn».

Stiftinga står nå framfor ein korsveg. 18. desember 2025 vedtok generalforsamlingane i Sparebanken Din Telemark og Drangedal Sparebank å slå seg saman til Telemark Sparebank. Ein ny, større og robust bank har ambisjon om å bli lokalbanken for Telemark eigd av Sparebankstiftinga Bø saman med Sparebankstiningane i Seljord og Drangedal. Etableringa av den nye banken vil medføre ein ny tid for stiftinga. Sparebankstiftinga Bø blir den største eigaren av den nye banken med ein andel av egenkapitalbevisa i banken på 38 % og ein eigarandelskapital på 344 mill. kr. Gjennom fusjonen får stiftinga overført 86 mill. kr som ho må forvalte til beste for lokalsamfunnet og som ein sikkerhetsbuffer for banken i framtida. Frå at stiftinga i gjennomsnitt har delt ut i overkant av 1 mill kr i året i gåver til lokalsamfunnet, basert på eit årleg utbytte på 1,3 mill kr, har banken nå ein ambisjon om å levere eit utbytte som kan gi oss grunnlag for å gi opp mot 15 mill. kr i årleg gåveutdeling. Det er derfor tvillaust at dette vil krevje meir av stiftinga i åra som kjem, både av kompetanse og administrativ kapasitet.

Alt i 2024 fekk styret i stiftinga signal frå banken om at dei forventa å kunne gi vesentleg større utbytte i framtida. På denne bakgrunn gjorde generalforsamlinga følgjande vedtak på sitt møte 11. februar 2025.

«Generalforsamlinga ber styret utarbeide ein strategiplan som viser korleis stiftinga skal møte dei utfordringane som ein står framfor i dei næraste åra.

Planen skal mellom anna drøfte desse tema:

- a. Gåvepolitikk
- b. Samarbeid med banken - profilering
- c. Administrative forhold
 - i. Arkiv og tilskotsportal
 - ii. Administrative ressursar – dagleg leiing
- d. Kompetansekrav til styre
- e. Eigarstyring av banken
- f. Samarbeid med Seljord
- g. Andre relevante tema»

Denne planen er styret sitt forslag til svar på det vedtaket som vart gjort i generalforsamlinga.

Planen kan og sjåast på som ei oppfølging av NOU 2016:21 som kom med utkast til ny lov for stiftingar der det heiter at alle stiftingar bør ha ein plan som gir uttrykk for korleis stiftinga skal gjennomføre stiftingas føremål.

3. Gåvepolitikk

Bakgrunn

I dei 13 åra som stiftinga har eksistert har gåvekapasiteten vore såpass moderat at styret ikkje har sett det naudsynt å lage ein eigen gåvepolitikk. Søknadsbeløpa har langt overstige dei midlar stiftinga har hatt til rådvelde til årleg utdeling, og styret har vurdert det slik at det har vore vanskeleg å definere særskilte satsingar innafør dei eksisterande rammer. Ein har derfor i all hovudsak delt ut midlar basert på innkomne søknader. Bare i nokre få einssilde høve har styret delt ut midlar ut frå eige initiativ.

I styreinstruksen som vart utarbeidd i samband med etableringa av stiftinga i punkt 3.5 heiter det at styret skal utarbeide «*retningslinjer for gåveutdeling*». Gjennom etablering av veiledning til søknadsportalen vår er det fastsett nokre prinsipp, men det er ikkje laga noko dokument som både gir veiledning til søkjarane og definerer ulike søknadskategoriar eller særskilte prioriteringar. Dei fleste stiftingar har slike dokument. Med bakgrunn i den forventede gåvekapsiteten i åra som kjem er det naturleg å lage eit slikt dokument.

Sparebanktradisjonen og omgrepa almennytte og samfunnsnytte


Vår primæroppgåve er å ivareta sparebanktradisjonane slik det er uttrykt i Sparebankforeningens veileder «[Rammer for almennyttige formål](#)», ved «*å bidra til å realisere og støtte positive samfunnsprosjekter gjennom gaver til almennyttige formål*».

I kjernen av omgrepet allmenntilgjengelig formål ligg dei tradisjonelle tildelingsområda som kultur, ideelle formål, utdanning og idrett. Dette er interesser som ein kan rekne med vil ha ålmenn oppslutning blant innbyggjarane.


Videre heiter det i veilederen:

«Fellesnevneren for sparebankenes og sparebankstiftelsenes gavetildelinger er en bevisst holdning til rollen som aktiv medspiller i lokalsamfunnet. Gavetildelingene skal stimulere til økt engasjement og aktivitet. Dette tilsier at bankene og stiftelsene bør kunne legge til grunn en relativt vid forståelse av begrepet allmenntilgjengelig formål. Å bidra til vekst og utvikling av livskraftige lokalsamfunn vil i en slik kontekst kunne sies å være av allmenn nytte» Dette inneber at også tilrettelegging for næringsutvikling og til forskning og utdanning også ligg innanfor dette omgrepet. Derfor lanserer veilederen omgrepet samfunnsnytte som eit omgrep som kanskje på ein betre måte gjev uttrykk for kva for føremål som vi kan støtte utan at stiftinga kjem i skatteposisjon.

Nedanfor er vist eit oversyn over kva for formål våre gåver ha gått til samanlikna med resten av dei andre sparebankstiftingane i Norge.



Figur 1: Fordeling av gåver delt på kategori, alle stiftingar 2023.



Figur 2: Fordeling av gåver delt på kategori for Bø i 2023

Strategiar

Plan- og bygningslova slår fast at kommuneplanens samfunnsdel skal vera rettesnor for alle sektorar for utviklinga i kommunen. I Midt-Telemark kommune sin samfunnsplan er visjonen for utviklinga uttrykt slik: «I Midt- Telemark skal vi på tvers av alder, bakgrunn og geografi saman skape ei framtid for dei som lever i kommunen». Sidan planen gjeld alle sektorar i kommunen er den og ei rettesnor for vår aktivitet. Med eit mogleg gåvepotensiale på 15 mill. kr. pr år har stiftinga økonomiske ressursar til å bli ein vesentleg bidragsytar til realisering av denne visjonen, og på den måten bidra aktivt til at Midt-Telemark kommune skal vera ein god stad å bu.

Vi ser av figurane over for 2023 at der vi er merkbart ulik andre stiftingar, er at vi ikkje har gitt midlar til næringsutvikling, klima og miljø, kompetanseutvikling og forskning. Vi er og vesentleg lågare på tiltak til samfunnsutvikling. Det er typisk for ei stifting med avgrensa gåvefond. Det har vore lite gåvemidlar og avgrensa operative ressursar til å gå inn på desse føremåla då dei i langt større grad krev ei proaktiv tilnærming til tiltaka. Sett på bakgrunn av at våre økonomiske ressursar blir vesentleg større, er det naturleg at stiftinga tek ei meir aktiv rolle i samfunnsutviklinga i kommunen vår. Då kan støtte til slike føremål bli meir aktuelt.

Med dette som utgangspunkt skal følgjande strategiar leggjast til grunn for vår gåvepolitikk.

1. *Stiftinga skal vera ein aktiv bidragsytar til utviklinga av Midt-Telemark som ein god stad å bu for alle*
2. *Stiftinga skal vera i tett dialog med innbyggjarane(frivilligheten) slik at vår gåvepolitikk møter søkjarane sine behov.*
3. *Stiftinga skal etablere fleire ulike tilskotsordningar slik at ein i større grad kan vera aktiv i utvikling av større prosjekt.*
 - a. **Breddegåver** til enkle tiltak under eit nærare fastsett beløp med faste søknadsfristar slik vi har det i dag.
 - b. **Prosjektgåver** til meir kostnadskrevjande, komplekse tiltak som kan gå over fleire år.
 - c. **Egeninitierte satsingar** som er prosjekt/tiltak som stiftinga er med å dra i gang i samarbeid med andre aktørar.
4. *Stiftinga skal forvalte sine midlar på ein transparent måte slik at ein sikrar eit langsiktig og stabilt eigarskap til banken og robust evne til å dele ut gåver til samfunnsnyttige føremål på lang sikt.*

Strategiane skal tydeleggjerast gjennom utarbeiding av ein gåvepolitikk som skal vedtakast av generalforsamlinga. Dokumentet skal bidra til forutsigbarhet og rettleiing for dei som søker om gåver frå stiftinga.

4. Profilering

Bakgrunn

Dersom stiftinga skal følge opp strategien om å vera i tett dialog med innbyggjarane, krev det eit meir aktivt arbeid med profilering og informasjon enn det vi har hatt ressursar til i dag. Eit minimum er ein gjennomgang og oppgradering av vår heimeside. Stiftinga er i dag ikkje aktiv på sosiale media sidan det krev ganske mykje kapasitet. Avhengig av den administrative kapasiteten bør dette vurderast i framtida. Samarbeid med banken og dei andre stiftingane kan og vera aktuelt.

Tiltak 1: Utarbeiding av kommunikasjonsplan/årshjul

Styret må utarbeidde ein plan for kommunikasjon gjennom året som må gje eit oversyn over tidspunkt for aktivitetar og kva for medium som skal nyttast. Planen kan gjerne utviklast i samarbeid med banken.


Tiltak 2: Ny heimeside

Heimesida oppgraderast slik at den i større grad informerer løpande om aktivitetar i stiftinga gjennom året. Sida må også knytast tett opp mot ein eventuell ny søknadsportal.

5. Administrative forhold

Bakgrunn

Heilt sidan stiftinga vart etablert har drifta av stiftinga blitt utført av styret supplert med noko tenestekjøp frå Seljord rekneskap. Det har vore ei enkel og rimeleg løysing som har fungert greitt i høve til det gåveomfanget vi har hatt på om lag ein million pr. år. Bransjeanalysen som er laga av Sparebankforeningen (figur 3) viser og dette. Blant dei små stiftingane (minste fjerdedel), brukar vi relativt lite ressursar på drift sett i høve den kapitalen vi forvaltar. Dette til tross for at ein del faste kostnader som styrehonorar, revisjon og regnskapsføring m.m. vil utgjera ein relativt større kostnad for oss enn for stiftelsar som deler ut større gåver.



Figur 3: Lønn, honorar og pensjonskostnader sett i forhold til forvaltningskapital i 2024. Figuren viser bare dei minste stiftingane i landet (1/4 av alle).

Ulempa med dette er at det har vore lite kapasitet til å drive utviklingsarbeid og møte søkjarane.

Erfaringar frå dei siste to åra med mange store løyvingar med vilkår om rapportering før utbetaling, viser at dette ikkje er berekraftig i tida framover. Forvaltning og oppfølging av så store midlar som er forventa krev både betre administrative støttesystem og personalressurs til oppfølging av dette. Skal stiftinga bli ein synleg utviklingsaktør i lokalsamfunnet vil dette også krevje meir enn det som er mogleg å forvente av eit styre der dei fleste er i fullt arbeid på dagtid.

I [NOU 2024: 22 «Norske Sparebanker – tradisjon og tilpasning»](#) frå det såkalla Sparebankutvalet, er det fremma fleire ulike forslag som vil kunne regulere måten slike stiftingar blir drive. Eit av dei er krav om at sparebankstiftingar skal ha ein dagleg leiar. Dette er uttrykt slik: «Utvalget foreslår derfor at finansforetaksloven § 12-21 tredje ledd annet punktum endres slik at sparebankstiftelser blir underlagt stiftelseslovens ordinære regler. Dette innebærer etter gjeldende rett at sparebankstiftelser med grunnfondskapital over 3 mill. kroner må ha daglig leder». Dette vil i så fall gjelde vår stifting.

Sist, men ikkje minst, er det grunn til å peike på det ansvaret som ligg i å forvalte ein kapital på over 80 mill. kr og ei mogleg gåveportefølje på 15. mill. kr pr år. For å ivareta ei god risikostyring av slike midlar krevst det også ein administrativ ressurs utover det styremedlemmane kan bidra med.

Ansvaret til ein eventuell dagleg leiar er alt i dag nedfelt i vedtektene i § 2-10 .
«Styret kan tilsetje ein dagleg leiar. Dersom omfanget av dei oppgåvene som skal utførast av den daglege leiinga tilseier det, kan styret i staden inngå oppdragsavtale med person eller selskap om utføring av oppgåvene som dagleg leiar.

Dagleg leiar står for den daglege leiinga av stiftinga si verksemd, og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gjeve. Dagleg leiar skal effektivere dei utdelingar stiftinga gjer, og syte for at det blir allment kjent at midlane stammar frå Sparebankstiftinga Bø. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som er av uvanleg art eller har mykje å seie. Dagleg leiar skal syte for at selskapet sine rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter, og at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Tiltak 1: Administrativt system

Styret går til innkjøp av eit administrativt IT-system for gåveforvaltning.

Det finnes fleire system på marknaden som er skreddarsydd for sparebankstiftingar. Dei inkluderer alt frå søknadsportal, til saksframlegg til styret, kommunikasjon med gåvemottakar, rapportering og utbetaling via regnskapskontor.

Tiltak 2: Dagleg leiar

Styret knyt til seg ein dagleg leiar med kompetanse til å følgje opp dei aktivitetar som er knytt til drifta av stiftinga gjennom året.

Arbeidsomfanget er vanskeleg å estimere. Dett er noko styret må vurdere etter kvart som ein vinn erfaring. I oppstarten, for å få på plass administrative rutinar og system, vil ressursbehovet vera noko større enn. For å unngå å setje stiftinga i eit arbeidsgjevaransvar legg styret til grunn at dette kan løysast gjennom kjøp av denne tenesta frå nokon med kompetanse til å ivareta dei oppgåvene som er skissert over.

Med ein ambisjon om å bli ein aktiv lokalsamfunnsutviklar legg styret til grunn at dagleg leiar bør ha forankring i stiftinga sitt verkeområde.

6. Styret

Bakgrunn

Styret har etter vedtektene m.a. følgende oppgaver:

- Forvaltning av stiftinga sine midlar (§ 2-5)
- Utdeling av gåver (§2-6)
- Utøve eigarskap i Sparebanken Din Telemark (§ 2-4)
- Tilsetting av dagleg leiar (§ 2-10)

Inntil i dag har styret også stått for dagleg drift av stiftinga i samarbeid med Seljord Regnskap. Ved tilsetting av ein dagleg leiar vil styret sitt ansvar bli endra ved at det blir frigjort frå ein del praktiske arbeidsoppgåver. På ei anna side vil ansvaret som ligg til styret bli større ved at ein får ei monaleg større gåveportefølje, og ved at den kapitalen som stiftinga skal forvalte bli mykje større. Styret sitt kontroll- og tilsynsansvar vil også bli større. Dette vil stille andre krav til styret. Det vil krevje meir kompetanse. M.a. kompetanse om kapitalforvaltning, eigarskapsforvaltning og strategisk utviklingsarbeid. Det vil og vera naturleg at det er behov for hyppigare møte gjennom året.

Ei rettesnor for styret sin samansetning kan vera framlegget i Sparebankutvalget sin rapport der kravet til styret sin kompetanse blir uttrykt slik: *«I styret bør det normalt samlet finnes kunnskap om blant annet (1) lokalsamfunnet som stiftelsen springer ut av og kan yte støtte til, (2) banksektoren, (3) økonomi og finans, (4) kapitalmarkeder og kapitalforvaltning og (5) markedsføring og kommunikasjon.»*

Tiltak 1

Styreinstruksen som vart vedtatt 13.02.2014 bør reviderast for å møte den nye situasjonen etter bankfusjonen.

Tiltak 2:

Styret må bygge kompetanse for å møte dei nye utfordringane som bankfusjonen og ein større forvaltningskapital vil gje. Kompetansekrava bør ta utgangspunkt i krava i [NOU 2024: 22 «Norske Sparebanker – tradisjon og tilpasning»](#) og nedfellast i ein eigen instruks for valnemnda

Tiltak 3:

Med bakgrunn i endra ansvar og arbeidsmengde som følgje av fusjonen mellom Sparebanken Din Telemark og Drangedal Sparebank, bør valnemnda gjera ein gjennomgang av styrehonorara.

7. Eigarstyring

I styreinstruksen § 3.4 heiter det følgjande: «*Styret skal utarbeidde strategi for utøvelsen av eierskapet i Sparebanken Din Telemark*»

Dette er ikkje gjort av det sitjande styret, men erfaring som styret har gjort gjennom dei åra stiftinga har eksistert, viser at dette er eit behov. Den nye banken vil vera eigd av 3 stiftingar og ei rad private eigarar. Behovet for informasjonsutveksling og forventningsavklaring blir derfor neppe mindre i framtida. Tema som bør drøftast i ein slik strategi er m.a. roller og ansvar, informasjonsflyt mellom banken og stiftingane, utbytteforventningar, samarbeid om profilering og gåveutdeling m.v.

Det er naturleg at ein eigarskapsstrategi blir utarbeidd i samarbeid mellom banken og dei tre stiftingane. I Drangedal Sparebank er det også andre private eigenkapitalbevisegarar. I kor stor grad desse bør involverast må avklarast i nærare dialog mellom stiftingane og banken.

Tiltak 1:

Styret utarbeider i samarbeid med banken og dei andre stiftingane ein felles strategi for korleis stiftingane skal utøve sin eigarskapsrolle i banken.

8. Samarbeid med dei andre stiftingane

Då generalforsamlinga gjorde sitt vedtak primo 2025 var banken eigd av bare to stiftingar (Bø og Seljord). Når vi frå juni 2026 blir tre stiftingar er det naturleg å utvikle eit samarbeid mellom stiftingane. Utarbeiding av eigarskapsstrategi er eit naturleg tema som er nemnt i førre kapittel. Samarbeid om profilering og gåvestrategi er andre aktuelle tema. Ulike administrative forhold kan og vera aktuelt å samarbeidde om.

Tiltak 1:

Styret tar initiativ til dialog med dei andre stiftingane for å utarbeide ei form for samarbeidsavtale/samarbeidsplan. Dette for å bidra til å utvikle fellestiltak som sikrar god styring av banken, og som kan bidra til å utvikle stiftingane sitt arbeid med utdeling av gåver til samfunnsnyttige formål i sine lokalsamfunn.

9. Andre forhold

Berekraft

Berekraft har vorte eit sentralt tema for bankane. Også mange stiftingar har dette inn i sin gåvepolitikk. Berekraft tek utgangspunkt i FN sine berekraftsmål og inkluderer både miljømessig og sosial berekraft. Nærmare om korleis stiftinga skal vektleggje dette bør koma fram i stiftinga sin gåvepolitikk.

Tiltak 1

Berekraft skal gjennomsyre stiftinga si verksemd og dette skal derfor koma fram som eit tydeleg tema i stiftinga sin styrande dokument.

Risikostyring

Etter fusjonen vil stiftinga forvalte ein stor kapital. For at stiftinga skal utøve sin rolle som ein aktiv, men objektiv støttar av lokale samfunnsnyttige tiltak, er det avgjerande at stiftinga utøver si verksemd på ein måte som sikrar tillit i lokalsamfunnet. Det gjeld både korleis stiftinga forvaltar gåveinstituttet og korleis stiftinga forvaltar den kapitalen som er bygd opp sidan Bø Sparebank vart etablert i 1857.

I styreinstruksen frå 2014 som vart utarbeidd som ledd i fusjonsplanen mellom dei to sparebankane i Bø og Seljord, går det klart fram styret skal sjå til at stiftinga skal ha «*hensiktsmessige systemer for risikostyring og internkontroll*». Med dei administrative ressursar som styret har hatt til rådvelde er dette arbeidet tidlegare ikkje prioritert.

Tiltak 1

Styret skal utarbeide eit enkelt internkontrollsystem som sikrar dokumentert og transparent verksemd og ei trygg forvaltning av stiftinga sin kapital.

Tiltak 2

Styret skal etablere ein eigen plan for forvaltninga av stiftinga sin kapital som skal sikre at stiftinga kan ivareta formåla om:

- Langsiktig og stabilt eigarskap av banken.
- Sikre stiftinga sin evne til å dele ut gåver til samfunnsnyttige formål på lang sikt.



Bilete frå gåveutdeling på Bø Torg.